

*Hardanger / Voss kompetanseregion  
Vurderingsgruppa*

# **VURDERINGSRAPPORT RABBen BARNEHAGE**



## **Rabben barnehage**

Vurderingstema; Vaksendeltaking i lek inne og ute  
14. – 17. november 2011

Styrar: Anne Grethe T. Solberg; 100% stilling  
Styrarassistent: Kristin Opedal; 25 % stilling  
Telefon: 53654271  
e-post: [rabben.barneh@odda.kommune.no](mailto:rabben.barneh@odda.kommune.no)

## Innholdsliste

1 Føreord .....	3
1.1 Regionalt samarbeid om vurdering og kvalitetsutvikling .....	3
1.2 Kven vurderar? .....	4
1.3 Fasar i vurderingsarbeidet .....	4
1.4 Mål .....	4
1.5 Rapporten .....	5
1.6 Barnehagevurdering .....	5
2. Fakta om barnehagen .....	5
3. Vurderingstema .....	6
4. Glansbilde.....	7
5. Barnehagen sine sterke sider innan vurderingsområdet .....	8
6. Barnehagen sine utviklingsområde innan vurderingsområdet .....	13
7. Vidare arbeid .....	14
Vedlegg 1 - Deltakarar i vurderinga.....	18
Vedlegg 2 - Tidsbruk.....	18
Vedlegg 3 - Tidsplan .....	19
Vedlegg 4 – Metodar.....	21
Dokument- og resultatanalyse .....	21
Kriterium og teikn på god praksis .....	21
Førebu barna.....	21
Samtaleguidar.....	22
Møte med føresette.....	22
Møte med styrar .....	22
Observasjon.....	22
Vedlegg 5 – Dette sa barna.....	22
Vedlegg 6 – Dette sa føresette.....	24
Vedlegg 7 – Dette sa personalet .....	24
Vedlegg 8 – Observasjonar .....	28

# 1 Føreord

## 1.1 Regionalt samarbeid om vurdering og kvalitetsutvikling

Med utgangspunkt i Stortingsmelding nr. 28 (1998-99) "Mot rikare mål", vart det sett i gang eit 3-årig nasjonalt prosjekt for skulane: "Ekstern deltaking i lokalt vurderingsarbeid". Hordaland søkte, men kom ikkje med i prosjektet. Likevel var signala der og oppmoding om å jobba med kvalitetsutvikling og vurdering. Skulesjefane/dei skulefagleg ansvarlege i kommunane i Hardanger/Voss vedtok difor i år 2000 å oppretta ei vurderingsgruppe i regionen. Gruppa utvikla metodikken som vert kalla "*Hardanger/Voss vurderingsmetodikk*".

Med utgangspunkt i gode erfaringar med skulevurdering og ynskje om å laga tilsvarende vurderingsprogram for barnehagar, vart det sett i gang eit prosjekt med å tilpassa vurderingsverktøyet for barnehage.

Grunngiving av behovet finn ein også i Rammeplan for barnehage kap. 4.3. vurdering av arbeidet i barnehagen.

Rammeplanen seier: "*Vurdering som blir gjort tilgjengeleg for andre, kan bidra til ein open og brei debatt om måla, innhaldet, oppgåvene og kvaliteten i barnehagen.*"

Vidare: "*Systematisk vurderingsarbeid legg grunnlaget for barnehagen som lærande organisasjon.*"

Skule- og barnehageansvarlege i kommunane i Hardanger/Voss har vedteke å oppretta ei vurderingsgruppe i regionen. Regionen består av mange små kommunar som kvar for seg ikkje maktar å gjennomføra ekstern vurdering. I det regionale samarbeidet er økonomiske og personlege ressursar samla og nytta på tvers av kommunegrensene på ein god og effektiv måte.

Føremålet er at vurderingsgruppa skal vera til hjelp i arbeidet med pedagogisk kvalitetsutvikling i barnehagen.


- Sikra kvalitetsutvikling
- Erkjenning av at barnehagen treng, og kjem til å få "auge utanfrå"
- Ekstern hjelp i vurderingsarbeidet
- Oppfylla kravet i Lov om barnehagar §10 om kommunen sitt ansvar for tilsyn

## 1.2 Kven vurderar?

Vurderingsgruppa er sett saman av pedagogar i barnehagar frå Hardanger/Voss regionen. Dei har brei og variert pedagogisk bakgrunn, og målet er at me skal vurderer dei kommunale barnehagane i regionen i løpet av 6år. Ekstern vurdering er og eit tilbod til dei private barnehagane. Ingen vurderer barnehage i eigen kommune.

## 1.3 Fasar i vurderingsarbeidet

- Barnehagen gjennomfører Ståstadsanalysen i god tid før vurderingsarbeidet tek til
- Barnehagen vel eit fokusområde for vurdering i samsvar med resultat frå ståstadsanalysen
- Arbeidet med ståstadsanalyse og ekstern vurdering må forankrast i personalgruppa og hjå barnehageeigar
- Barnehagen sender resultata frå ståstadsanalysen og bakgrunnsmateriell til vurderarane
- Vurderarane, førebur sjølve vurderinga av barnehagen. Utarbeiding av kriterium, metodeval og verkty vert tilpassa det barnehagen ynskjer fokus på
- Sjølve vurderinga vert gjennomført
- Etterarbeid, lokalt utviklingsarbeid for barnehagen.



## 1.4 Mål

Auka kvaliteten i barnehagen med fokus på barnet sitt beste

## 1.5 Rapporten

Vurderarane skriv rapport om resultatet av vurderinga på bakgrunn av dokumentasjonsanalyse, intervju med barn og personalet, møte med føresette og observasjon i barnehagen. Rapporten trekker fram verksemda sine sterke sider, og kva utviklingsområde barnehagen har. Den gir også informasjon om rammene for vurderinga – tidsbruk, metodeval og verkty.

Vurderinga tek ikkje mål av seg til å gje eit fullstendig bilde av barnehagen, men er eit bidrag til kva barnehagen skal arbeida vidare med innan det fokusområdet som er vurdert.

Det er eit ynskje at dei reiskapar og metodar som har vore nytta skal overførast til det interne vurderingsarbeidet som barnehagen gjennomfører årleg.

## 1.6 Barnehagevurdering



## 2. Fakta om barnehagen


Rabben barnehage opna i 1975, og heitte den gong Rabben daginstitusjon. Frå 1975 til 2010 hadde barnehagen 4 avdelingar med 54 plassar i aldersgruppa 0-6 år. Avdelingane har eventyrnavn; Smørbukk, Tommeliten, Gulliver og Tornerose. I tidsperioden oktober 2008 til august 2010 har barnehagen hatt tilhald i midlertidige lokaler; OFK-huset – avd. Tommeliten og Smørbukk og KU-sal Odda ungdomsskule – avd. Gulliver og Tornerose; i påvente av bygging av ny barnehage på Rabben-tomta. 18.august 2010 opna dørene for nye Rabben barnehage, med 5 avdelingar.

I dag har barnehagen 75 plassar, 5 avdelingar; Rødhette (2-4 år), Smørbukk (0-3 år), Tommeliten (0-3 år), Askeladden (3-6 år) og Tornerose (3-6 år).

Personale: 22,25 årsverk. 3 faggrupper er representert; førskulelærarar, assistentar og barne- og ungdomsarbeidarar. 100 % styrar, 25 % styrarassistent. For inneverande år har vi lærling i 100% og spesialpedagog i ca 20 timer.

### 3. Vurderingstema

Rabben barnehage har bede om vurdering på følgjande tema: *Vaksendeltaking i leik inne og ute* Som grunnlag for val av tema gjennomførte barnehagen Utdanningsdirektoratet sin ståstadsanalyse. Ein analyse som syner dei tilsette si vurdering av den noverande praksisen i barnehagen sett opp mot ein ideell situasjon; slik ein kunne ønskje at det var. Dei tilsette har kvar for seg teke stilling til påstandar som viser "teikn på god praksis" og samanlikna dei med arbeidskvardagen i eigen barnehage. Leinga sette ned ei gruppe, styrar og pedagogiske leiarar, som leiter etter mønster og diskuterte seg fram til ei samla vurdering av barnehagen sin ståstad. Gruppa la dette fram for personalet, samla gruppe kom fram til at *dei vaksne si deltaking i leik inne og ute* peika seg ut som utviklingsområde.



## 4. Glansbilde

Tema: Vaksendeltaking i leik inne og ute



Kriterium	Teikn på god praksis
<p><i>”Barnehagen skal støtte barnas nysgjerrighet, kreativitet og vitebegjær og gi utfordringer med utgangspunkt i barnas interesse, kunnskaper og ferdigheter.”</i> (Barnehagelova §2 Barnehagens innhold, 5. ledd)</p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>❖ Barna møter vaksne som lyttar</li> <li>❖ Barna opplever at personalet er engasjert i leiken deira</li> <li>❖ Barna utfaldar seg i ulike typar leik</li> <li>❖ Barna utviklar gode leikeferdigheiter i samspel</li> <li>❖ Læringsmiljøet er tilrettelagt for barnas alder, interesse og utvikling</li> <li>❖ Alle barna er involvert i planlegging og gjennomføring av aktivitetar</li> </ul>
<p><i>”Personalet må vere tilgjengeleg for barn ved å støtte, inspirere og oppmuntre i leiken.”</i> (Rammeplan for barnehage 2011, s. 32)</p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>❖ Personalet gir barna opplevingar og erfaringar i barnehagen og nærmiljøet som dei kan bruka i leiken</li> <li>❖ Det er balanse mellom barnas frie leik og vaksenstyrte aktivitetar</li> <li>❖ Leikemiljøet inspirerer til fantasi, skaparglede og livsutfalding</li> <li>❖ Personalet deltek aktivt og støttande i leik</li> <li>❖ Barn som ikkje deltek i leik får særleg oppfølging</li> </ul>
<p><i>”Foreldra må kunne vere trygge på at barna deira blir sedde og respekterte og får delta i ein fellesskap som gjer dei godt.”</i> (Rammeplan for barnehage 2011, s. 20)</p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>❖ Personalet har drøfta barnehagen sine målsettinga for leik med foreldra</li> <li>❖ Foreldra sine innspel i høve barns leik i barnehagen vert ivaretekne av personalet</li> <li>❖ Foreldra opplever at det barna er opptekne av vert ivareteke i barnehagen</li> <li>❖ Barna fortel om leiken i barnehagen</li> <li>❖ Leiken som læringsmetode vert dokumentert</li> </ul>
<p>Barnehagen er ein lærande organisasjon</p> <p><i>”...måla og rammene til barnehagen er klarlagde for personalet, for at det blir utvikla ei felles forståing for måla blant medarbeidarane...”</i> (Rammeplan for barnehage 2011, s. 53)</p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>❖ Det er sett av tid for personalet til å drøfta barnehagen sitt læringssyn</li> <li>❖ Personalet deltek jamleg i refleksjon og drøfting av eigen praksis</li> <li>❖ Leiinga gir fagleg støtte og rettleiing til personalet</li> <li>❖ Resultat av vurdering fører til endring av praksis</li> <li>❖ Barnehagen har ein langsiktig kompetanseplan</li> </ul>

Kriterium tyder her krav til kjenneteikn på god kvalitet. Kriterium og teikn på god praksis er henta frå lov om barnehage, rammeplan for barnehage, regelverk og barnehagen sine egne planar.

Når vurderarane gjennomfører ei vurdering, vert kriterium samanlikna med informasjon som er samla om temaet gjennom intervju og observasjon i barnehagen, i tillegg til dei dokument som barnehagen har lagt fram. Kriterium i denne rapporten er utforma av vurderarane og godkjende av barnehagen.



## 5. Barnehagen sine sterke sider innan vurderingsområdet

### Kriterium

*"Barnehagen skal støtte barnas nysgjerrighet, kreativitet og vitebegjær og gi utfordringer med utgangspunkt i barnas interesse, kunnskaper og ferdigheter."*

(Barnehagelova §2 Barnehagens innhold, 5. ledd)

#### ❖ Barna møter vaksne som lyttar

Borna fortel at dei vaksne lyttar, dei fortel at dei pratar med alle i barnehagen. Borna må av og til venta slik at dei vaksne får fullføra igangsett samtale med andre born eller vaksne.

Foreldra opplever dette når dei vert mottekne om morgonen. Dei brukar teikn til tale for dei som ikkje kan uttrykkja seg så godt.

Personalet har drøfta dette i fellesskap og er merksame på både kroppslege og verbale uttrykk hos borna.

Vurderarane ser at personalet er dyktige på dette

❖ **Barna opplever at personalet er engasjert i leiken deira**

Barna fortel at dei vaksne hjelper og leikar med dei små. Dei nemner nokre vaksne som leikar med dei, haien kjem, byggjer slott med meir

Foreldra meiner dette og nemner dramatisering av t.d. ” Den grønne votten”.

Tilsette hevdar at dei er gode på dette, både i inne- og uteleik. Dei har også tankar om at dette kan gjerast betre.

Vurderarane såg at dei vaksne er på golvet med borna og er i leik. Dei er særleg gode på det med dei yngste borna. Dei får til eit trygt og godt leikemiljø for borna.

Personalet er dyktige på fantasi og dramaleik for og saman med borna.

❖ **Barna utviklar gode leikeferdigheiter i samspel**

Barna fortel om kjekk leik saman med andre born og vaksne.

Personalet seier at dei rettleier borna i god leik og samhandling. Dei legg vekt på å fordela seg der borna er og brukar smågrupper som dei erfarer fungerer godt for alle barn.

Vurderarane ser at barnehagen har god struktur og rutinar som gjev høve til god samhandling både med andre born og vaksne

❖ **Læringsmiljøet er tilrettelagt for barnas alder, interesse og utvikling**

❖ **Leikemiljøet inspirerer til fantasi, skaparglede og livsutfalding**

Borna nemner mange leiker for born i ulike aldrar.

Personalet seier at dei har eit godt og variert leikemiljø inne og i nærområdet.

Vurderarane har sett at borna har tilgang på leiker av god kvalitet både inne og ute.

Dei utvidar læringsmiljøet ved å ta barna med på turar i nærmiljøet.

Borna får oppleva gode tilrettelagde aktivitetar som samlingar og formingsaktivitetar.

Personalet tilpassar innhaldet til alder og utvikling hos barna. Dei er også gode på å

skapa interesse hos barna for ulike tema som dei held på med. Flott bruk av konkretar.

❖ **Alle barna er involvert i planlegging og gjennomføring av aktivitetar**

Barna seier at det er dei som bestemmer i leiken.

Personalet seier at dei er gode på å vera spontane ut frå barna sine initiativ i kvardagen.

Vurderarane såg at personalet var flinke til å ta barna sine initiativ i fri leik.

**Konklusjon:**

Barna møter vaksne som lyttar, og har eit trygt og godt leikemiljø.

Barnehagen har gode rutinar som skapar god oversikt og rom for personalet si deltaking.

Barna deltek i eit inspirerande miljø med drama og spennande tema. Personalet er gode på å ta imot dei spontane innspela til barna og utvikla dei.

Kriterium:

*"Personalet må vere tilgjengeleg for barn ved å støtte, inspirere og oppmuntre i leiken."*  
(Rammeplan for barnehage 2011,

❖ **Personalet gir barna opplevingar og erfaringar i barnehagen og nærmiljøet som dei kan bruka i leiken**

Barna fortel om kjekke turar og opplevingar i nærmiljøet

Foreldra nemner mange stader i nærmiljøet som barna får besøkje.

Personalet syns dei er gode på dette. Dei gjer mange ting saman med barna og har gode tema som dei ser att i leiken.

Vurderarane såg at barna fekk fordjupa seg i tema som dei held på med både på tur i nærmiljøet og i samlingar i barnehagen. Faktabøker vert og brukt som inspirasjonskjelde for fordjuping.

❖ **Det er balanse mellom barnas frie leik og vaksenstyrte aktivitetar**

Barna seier at det er dei vaksne som bestemmer i barnehagen, men at barna bestemmer i leiken.

Foreldra trur at dette er godt ivareteke.

Personalet meiner det er balanse og at dei kan leggja aktivitetar til sides for den frie leiken som føregår. I gjennomføring av vaksenstyrte aktivitetar får dei barna som ventar på tur leika.

Vurderarane såg at dagsrytmen er lagt opp til det. Me såg vaksne som deltok i leik, men som trekte seg vekk når barna miste interessa eller klarte seg sjølv

❖ **Personalet deltek aktivt og støttande i leik**

Foreldra seier at personalet er med på aktivitetane til barna, at dei ikkje står i klikkar og ser på.

Personalet seier at dei hjelper barn inn leik. Av og til skjermar dei god leik. Dei hjelper å finna materiell til god leik. Alle treng ikkje vera med alle, men alle skal respektera kvarandre.

Vurderarane såg det i uteleiken, særleg med små barn. Det vart også gjort i inneleik.

Personalet er aktive støttespelarar for barna i leik.

❖ **Barn som ikkje deltek i leik får særleg oppfølging**

Barna seier at dei tek kontakt med vaksne når dei ikkje er i leik med andre barn.

Foreldra meiner at personalet er flinke til det, og fortalde om barn som har fått ekstra støtte i periodar ved behov.

Personalet meiner at dei er gode på dette. Dei trør støttande til ved behov.

Personalet meiner at dei ser både dei stille og dei utagerande barna.

Vurderarane såg at dei har strategiar for dette ved å dela barna i små grupper.

Dei har også strategiar for born med særlege behov.

## Konklusjon

Barnehagen er gode på å nytta barnehagen sine nærområde og utvidar barna sitt læringsmiljø. Ved å nytta tema som går over tid får barna tid til fagleg fordjuping som dei nyttar i leiken.

Dagsrytmen og rutinane legg opp balanse mellom barnas frie leik og vaksenstyrte aktivitetar. Barna vert inkludert i fellesskapet.

## Kriterium

*“Foreldra må kunne vere trygge på at barna deira blir sedde og respekterte og får delta i ein fellesskap som gjer dei godt.”*

(Rammeplan for barnehage 2011, s. 20)

- ❖ **Foreldra sine innspel i høve barns leik i barnehagen vert ivaretekne av personalet**  
Personalet meiner at dei lyttar til det foreldra fortel og vurderar desse fagleg. Innspel som går på barns fungering i leik vert ivareteke.
- ❖ **Foreldra opplever at det barna er opptekne av vert ivareteke i barnehagen**  
Foreldra opplever at barna formidlar om dette når dei kjem heim. Dei på stor avdeling fortel mest om dette heime.  
Personalet trur at foreldra opplever dette, og får ikkje tilbakemelding på anna.
- ❖ **Barna fortel om leiken i barnehagen**  
Foreldra seier at både dei små og dei store barna fortel om dette heime.  
Personalet seier at barna fortel om kven dei leikar med.  
Vurderarane fekk høyre mykje om barna sin leik i intervjuet.

## Konklusjon

Foreldra som deltok i vurderinga var trygge på at barna deira var trygge, at dei vart sett og respekterte i barnehagen.

## Kriterium

Barnehagen er ein lærande organisasjon

*“...måla og rammene til barnehagen er klarlagde for personalet, for at det blir utvikla ei felles forståing for måla blant medarbeidarane...”*

(Rammeplan for barnehage 2011, s. 53)

- ❖ **Personalet deltek jamleg i refleksjon og drøfting av eigen praksis**  
Personalet seier at dei reflekterer over eigen praksis på avdelingsmøta, leiarmøta og personalmøta.  
Vurderarane høyrde dette på møte.

❖ **Leiinga gir fagleg støtte og rettleiing til personalet**

Personalet seier at dei får fagleg støtte på alle nivå. Personalet jobbar saman i team som hjelper og rettleiar kvarandre.

Personalet opplever at styraren har open dør.

Vurderarane såg at pedagogiske leiarar var gode modellar. Vurderarane såg ein tilgjengeleg styrar.

Vurderarane oppfatta eit positivt personale som har god sjølvkjensle!

**Konklusjon**

Personalet reflekterer omkring daglege rutinar og eigen praksis. Dei jobbar i team som hjelper og støtter kvarandre til å koma med gode idear og finna gode løysingar. Personalet er samde om at dei får fagleg god støtte på alle nivå i organisasjonen.

Vurderarane oppfattar eit positivt personale som har god sjølvkjensle!



## 6. Barnehagen sine utviklingsområde innan vurderingsområdet

### Kriterium

*"Barnehagen skal støtte barnas nysgjerrighet, kreativitet og vitebegjær og gi utfordringer med utgangspunkt i barnas interesse, kunnskaper og ferdigheter."*

(Barnehagelova §2 Barnehagens innhold, 5. ledd)

- ❖ **Barna opplever at personalet er engasjert i leiken deira**  
Barna seier at dei vaksne pratar med kvarandre, og at berre nokon leikar saman med barna.  
Foreldra synest dette er vanskeleg å vita noko om.  
Personalet er klar over at dei har ulik praksis i personalgruppa  
Vurderarane såg at personalet har ulik grad av engasjement i leik med barna.  
Personalet har ulik oppfatting av kva roller dei skal ta i høve barn sin leik.  
Nokon melder seg ut for å vera observatør i staden for å vera deltakande observatør i leiken.
- ❖ **Læringsmiljøet er tilrettelagt for barnas alder, interesse og utvikling**  
Barna seier at det er dei vaksne som styrer tid og rom for formingsaktivitetar.  
Barna fortel at det ikkje alltid er leik i leikegruppene, men aktivitetar der både tid og innhald er styrt av vaksne – "vi har 10 minutt"  
Personalet seier at uteområdet er flatt og lite utfordrande, dei manglar "rom" der dei kan utfalda seg i leik.  
Vurderarane såg at kreativt formingsmaterieell er lite tilgjengeleg og styrt av vaksne.

Vurderarane såg at leikegrupper er vaksenstyrt stasjonsundervisning som ikkje inneheld leik.

❖ **Alle barna er involvert i planlegging og gjennomføring av aktivitetar**

Barna seier at det er dei vaksne som bestemmer i barnehagen, og at barna ikkje er med på planlegging.

Foreldra reknar ikkje med at barna er med på planlegging av aktivitetane

Personalet seier at dei ikkje er gode på å ta barna med i planlegging, dei gir barna "ei ferdig sak". Dei seier og at dei høyrer dei barna som tar ordet, og at dette ikkje er alle barn. Dei manglar struktur på dette.

Vurderarane høyrde at personalet planlegg på vegne av barna, til dømes juleaktivitetar.

### **Konklusjon**

Personalet er for lite flinke til å ta barna med i planlegging av leik og aktivitetar. Dei går glipp av barna sin kreative innspel for å få til god utvikling av leiken. Fleire må vera aktivt deltakande i leiken.

#### *Kriterium*

*"Personalet må vere tilgjengeleg for barn ved å støtte, inspirere og oppmuntre i leiken."*  
(Rammeplan for barnehage 2011, s. 32)

❖ **Leikemiljøet inspirerer til fantasi, skaparglede og livsutfalding**

Foreldra meiner at læringsmiljøet ute er lite kreativt og utfordrande for barna. Dei påpeikar at barna står i kø for å leika i apparata.

Personalet saknar også eit meir variert og utfordrande utemiljø.

Vurderarane såg at barnehagen er utsmykka med tydeleg vaksenstyrte formingsaktivitetar.

Me saknar verdsetting av barna sine eigne produkt – at dei vert hengt opp og stilt ut.

❖ **Personalet deltek aktivt og støttande i leik**

Barna nemner nokon få vaksne som deltek i leik. *"Dei andre vaksne ser berre på, dei leiker ikkje med oss."*

Vurderarane såg at det var få vaksne som var deltakande i leiken, dei fleste var støttande. Dette gjeld særleg for dei eldste barna.

❖ **Barn som ikkje deltek i leik får særleg oppfølging**

Vurderarane såg at barn som har utfordrande og negativ leik i for stor grad vart overlatne til seg sjølve i fri leik.

Vurderarane saknar gjennomtenkt metodikk og struktur for barn som treng særleg oppfølging.

### **Konklusjon**

Læringsmiljøet ute er lite kreativt.

Alle i personalgruppa må delta aktivt i barna sin leik. Barnehagen må også skapa gode strategiar for å utvikla god og positiv leik for alle barn.

### Kriterium

*"Foreldra må kunne vere trygge på at barna deira blir sedde og respekterte og får delta i ein fellesskap som gjer dei godt."*

(Rammeplan for barnehage 2011, s. 20)

❖ **Personalet har drøfta barnehagen sine målsettinga for lek med foreldra**

Personalet seier at dette er vanskelig, dei diskuterer planar på foreldremøte og gir foreldra høve til å koma med tilbakemelding - personalet går gjennom planane, men drøftar dei ikkje.

Vurderarane saknar arbeidsmetodar som gir foreldra reelt høve til å medverka.

❖ **Foreldra sine innspel i høve barns lek i barnehagen vert ivaretekne av personalet**

Foreldra seier at dei ikkje ser kva som skjer i løpet av dagen, og stiller spørsmål ved om dei har kome med innspel.

Vurderarane oppfatta at personalet involverer foreldra kun i kvardagslege innspel, men foreldra sine innspel vert ikkje tekne med i overordna planar

❖ **Leiken som læringsmetode vert dokumentert**

Foreldra seier at dette er ulikt frå avdeling til avdeling.

Personalet seier at det er mange barn som skal fylgjast opp.

Vurderarane meiner at personalet ikkje har ein reflektert og metodisk bruk av dokumentasjon.

Informasjonstavlene til foreldra inneheld kun praktisk informasjon, lite om barna sin dag. Foreldra får ikkje dokumentasjon i form av referat, dag, veka og månad.

### Konklusjon

Foreldra er ikkje deltakande i planlegging av barnehagen sitt innhald.

Barnehagen må verta meir bevisste og reflekterte omkring bruk av dokumentasjon.

### Kriterium

Barnehagen er ein lærande organisasjon

*"...måla og rammene til barnehagen er klarlagde for personalet, for at det blir utvikla ei felles forståing for måla blant medarbeidarane..."*

(Rammeplan for barnehage 2011, s. 53)

❖ **Det er sett av tid for personalet til å drøfta barnehagen sitt læringsyn**

Personalet kan ikkje hugsa at dette har vore drøfta på personalmøte.

Vurderarane ser at årsplanen inneheld syn på lek som er henta frå overordna planverk. Vurderarane er ikkje overbevist om at personalet har eit eigarforhold til desse verdiane. Barnehagen har ikkje ein felles pedagogisk plattform, alle avdelingane har utarbeida eigne aktivitetsplanar som fortel lite om korleis dei vil jobba med barnehagen sine mål og innhald.

❖ **Resultat av vurdering fører til endring av praksis**

Personalet seier at dette er ei utfordring, dei seier at dei manglar ein felles pedagogisk plattform noko som medfører at dei har ulike syn og praksis. Når dei har diskutert ting er det vanskeleg å få alle med på gjennomføring – det er vanskeleg å få gå frå ord til handling for heile organisasjonen.

Vurderarane kjenner ikkje til at barnehagen gjennomfører vurdering.

❖ **Barnehagen har ein langsiktig kompetanseplan**

Personalet seier at dei ikkje har dette, men at dette er noko kommunen arbeider med i desse dagar.

Vurderarane ser at barnehagen ikkje har ein langsiktig kompetanseplan.

**Konklusjon**

Barnehagen treng ein felles pedagogisk plattform. Det må utviklast ei felles forståing for måla blant medarbeidarane. Dette er eit utgangspunkt for vurdering og fagleg utvikling av organisasjonen. Verken barnehagen eller barnehageeigar har utvikla ein langsiktig kompetansehevingsplan.

Elles såg vurderarane:

- Vurderarane såg at barnehagen med fordel kunne nytta gangarealet til aktivitetar med barna, noko som kunne gitt rom for ulike aktivitetar for barna.

## 7. Vidare arbeid



6 månadar etter barnehagevurderinga finn stad, vil styrar rapportera attende til barnehagesjef/barnehagefagleg ansvarleg korleis barnehagen har arbeidd med utviklingsområda sine. Det politiske fagutvalet vil få ei orientering.

\_\_\_\_\_  
Stad, dato

\_\_\_\_\_  
Namn vurderar

\_\_\_\_\_  
Namn vurderar



## Vedlegg 1 - Deltakarar i vurderinga

- Interne
- Eksterne:  
Gerd-Kristine Aasen, hospitant.  
Solgunn W. Bjørke og Marianne Meling

## Vedlegg 2 - Tidsbruk

Det er avsett ei veke til å vurdera ein barnehage. Det inneber i hovudsak ein startdag der vurderarane møter barnehagen for fyrste gong for avklaring og planlegging. Dette kan vera eit fysisk møte eller telefonmøte. Under sjølve vurderinga, er vurderarane i barnehagen i inntil tre dagar. Barnehagen får rapporten umiddelbart etter vurderingsdagane. I førekant og undervegs førebur vurderarane informasjon, metodar, verkty og driv informasjonsarbeid og oppsummeringar. Styrar vert oppdatert om arbeidet heile vegen.

Å gjennomføra ei kvalitetsvurdering på tre dagar er knapp tid, og inneber ei avgrensing av vurderinga.



## Vedlegg 3 - Tidsplan

for prosessen før vurdering av Rabben barnehage, Odda kommune

Dato/veke	Tid	Aktivitet	Ansvar
Juni 2011		kontakt med barnehagen som skal ha vurdering: Informasjon til barnehagen via e-post om ståstadsanalysen og vurderingsprosessen: 1. om ståstadsanalysen (set av 1mnd. til arb.) 2. oppgåver og ansvar knytt til ekstern vurdering 3. tidsplan med oversikt over prosessen før vurderingsveka	Vurderarane 1og 2 v/Solgunn  2.v/Marianne
Aug.-sept.		Barnehagen arbeider med ståstadsanalysen og vel vurderingsområde	Styrrar
Veke 37 Innan 15.sept.		Send: ståstadsanalyse, vurderingstema og dokument til vurderarane	Styrrar
Veke 39		Laga glansbilde Send glansbilde til barnehagen v/styrrar, og nærare tidsplan før og under vurderingsveka	Vurderarane
Veke 40, seinast fredag på e-post		Styrrar drøftar glansbildeframlegget med personalgruppa, og returnerar innspel, kommentarar eller gir ei godkjenning av glansbildet. Eventuelle innspel til tidsplanane.	Styrrar
veke 44 .		<ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Endeleg glansbilete.</li> <li>▪ Innkalling til foreldremøte</li> <li>▪ Presentasjon med bilete av vurderarane til barna/personalet</li> <li>▪ Info til barnehagen korleis dei skal førebu barna på intervju</li> </ul> Senda dette til barnehagen Laga: <ul style="list-style-type: none"> <li>▪ intervjuguidar</li> <li>▪ eventuelt justera tidsplan for vurderingsveka</li> <li>▪ rapport-mal, intern og ekstern</li> <li>▪ laga mal for Power Point presentasjon av rapport</li> </ul>	Vurderarane
Veke 44		Senda ut innkalling foreldremøte og personalmøte Informasjon til vurderarane: <ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Korte fakta om barnehagen som skal inn i vurderingsrapporten (skriftleg)</li> <li>▪ Foto av barnehagen til rapporten si framside</li> </ul>	Styrrar
veke 45		<ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Førebu barnegruppene på ekstern vurdering og intervju.</li> <li>▪ Setja av tid og rom til det som skal skje i vurderingsveka. Rom til intervju av barn og personale. Rom der vurderarane kan arbeida medan dei er i barnehagen.</li> </ul>	Styrrar

Måndag 31.okt.		Vurderarane kjem til barnehagen	
-------------------	--	---------------------------------	--

### Tidsplan for vurdering av Rabben barnehage, Odda kommune

Vurderingsveke: 46 - 14. – 17. november 2011			
Dato	Tid	Aktivitet	Ansvar
13.11.2011		<ul style="list-style-type: none"> <li>- Møtast på Vasstun?, ca. kl. ?</li> <li>- Justering, og arbeidsfordeling</li> </ul>	Vurderarane
14.11.2011	kl 08.20 kl 08.30 kl. 09.00 09.30- ? Kl.11.00 kl 12.00 Kl 14.00 kl 19.00 – 20.30 kl. 20.30	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Koma i barnehagen, kort presentasjon m/styrrar</li> <li>- Samling m/Tonerose: Vurderarane vert presentert for barna</li> <li>- Informasjonsutveksling/oppdatering med styrrar. Gjera avtalar med styrrar</li> <li>- Observasjon</li> <li>- Avdelingsleiarmøte</li> <li>- Måltid på avdeling</li> <li>- Observasjon</li> <li>- Kort rapport til styrrar. Avtala tid &amp; rom for intervju</li> <li>- Etterarbeid</li> <li>- Foreldremøte klokka 19.00 - 20.30 (Personalet deltek ikkje)</li> <li>- Etterarbeid</li> </ul>	Vurderarane
15.11.2011	kl 08.30 09.30- kl.11.00 kl. 12.00 kl. 14.00 kl.14.00 kl.16.30 -19.30 Kl.19.30	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Samling m/Askeladden: Vurderarane vert presentert for barna</li> <li>- Barnesamtalar</li> <li>- Måltid</li> <li>- Observasjon evt. barnesamtalar</li> <li>- Kort rapport til styrrar/ assisterande styrrar.</li> <li>- Etterarbeid</li> <li>- Personalintervju</li> <li>- Etterarbeid</li> </ul>	Vurderarane
16.11.2011	Kl 07.30 Kl 11.00 Kl 12.00 Kl 13.00	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Observasjon</li> <li>- Måltid</li> <li>- Kort rapport til styrrar</li> <li>- Etterarbeid</li> </ul>	Vurderarane
17.11.2011	Kl Kl.15.00 Kl 16.30	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Ferdigstilling av rapport</li> <li>- Informasjon om rapporten til styrrar</li> <li>- Personal møte – leggja fram rapporten</li> </ul>	Vurderarane
Innan 17/6 - 2012		<ul style="list-style-type: none"> <li>- Rapportera attende til barnehagefagleg ansvarleg korleis barnehagen arbeider med utviklingsområda</li> <li>- Orienterer det politiske fagutvalet</li> </ul>	Barnehagestyrar

## **Vedlegg 4 – Metodar**

For å sikra god forankring og at alle røyster vert høyrde, hentar vurderarane inn data frå fleire andre kjelder (kjeldetriangulering). Informantane er det vurderarane som plukkar ut, for eksempel ved å ønskja å møta og intervju 5-åringane og eventuelt 4-åringar, eit utval av føresette i barnehagen og eit utval av personalgruppa; pedagogar, assistentar og fagarbeidarar. Det kan også vera aktuelt å gjennomføra observasjonar blant barn og tilsette i barnehagen.

For å styrka kvaliteten på dei data me finn, nyttar me ulike metodar for datainnsamling (metodetriangulering). Gjennom eit breitt spekter av metodar tek vurderarane temperaturen på den pedagogiske praksisen til barnehagen, og på korleis barnehagen fungerer som organisasjon.

Tema og tid til rådvelde verkar inn på val av metode. I prosessen i denne barnehagen er følgjande metodar nytta: observasjon, intervju, samtalte og dokumentanalyse.

### **Dokument- og resultatanalyse**

På førehand, etter barnehagen hadde gjennomført ståstadsanalyse og før vurderarane vitja barnehagen, sende barnehagen relevante dokument til vurderarane. Til dømes arbeidsplanar; årsplan, verksemdsplan, fagplanar, halvtårsplan, månadsplanar, vekeplanar, møteplan og kompetanseplan. Resultat av brukarundersøkingar blant barn, føresette og personalgruppa, medarbeidarundersøking.

### **Kriterium og teikn på god praksis**

Vurderarane utarbeidde forslag til eit glansbilde med kriterium og teikn på god praksis. Dette med utgangspunkt i rammeplan for barnehage -06, barnehagelova med forskrift og barnehagen sine planar. Framlegg til kriterium med teikn på god praksis vart drøfta i barnehagen. Barnehagen godkjende desse utan endringar.

### **Førebu barna**

For å førebu barna på det som skulle skje sende vurderarane ein presentasjon av seg sjølve til barnehagen før vurderinga.

## **Samtaleguidar**

For å fanga lik tematikk, har vurderarane i førekant utarbeidd ulike guidar til hjelp for samtalar med høvesvis førskulebarn, føresette, assistentar/fagarbeidarar og pedagog

## **Møte med føresette**

Ein føresetnad for god barnehageutvikling er god dialog mellom heim og barnehage. Føresette må få høve til å involvera og engasjera seg. I løpet av denne vurderinga har me hatt møte med foreldra i barnehagen. Alle foreldra var inviterte til møtet, det var 12 som møtte. Dette er ikkje eit representativt utval, men me vel å bruka informasjonen me fekk.

## **Møte med styrar**

Styrar har ei nøkkelrolle i utviklingsarbeidet som barnehagen skal ta tak i når konklusjonane i rapporten ligg føre. Ein god dialog med styrar danner grunnlag for gjensidig forståing av barnehagen sin no- situasjon og for vidare arbeid.

## **Observasjon**

Me observerte i kvardagssituasjonar i barnehagen. Det vert lagt ved observasjonsnotat og praksisforteljingar i den interne rapporten til barnehagen.



## Vedlegg 5 – Dette sa barna

Innleiing til intervju:

Som de veit skal me snakka om korleis dei vaksne hjelper til og gjer det bra slik at borna får ein god leik i Rabben barnehage.

Presentera intervjuarar, eg heiter, eg bur eg jobbar

La barnet presentera seg, fortel noko om deg sjølv, eg veit at du....

No er det slik at eg skal stilla deg spørsmål og .... skal skriva. Ho skriv det du seier for at me skal hugsa det betre. Etterpå skal ho lesa opp det som er skrive ned.

Det du seier er viktig for at me skal få vita noko om korleis det er i Rabben Barnehage, korleis borna og dei vaksne har det.

Me snakkar med mange born rundt om for å høyra om korleis dei har det i sin barnehage, men det er berre du som veit korleis du har det i din barnehage.

Til borna frå Tornerose:

Fortel om Indianarane

Fortel om stammeråd, kva gjer du når du er med på Stammeråd?

Til borna på Askeladden.

Fortel om vennekort, kva er det?

Fortel om når du er med på Leikegruppe

For meir informasjon, gjentek intervjuaren viktige stikkord barnet kjem med.

Tema: Vaksendeltaking i leik inne og ute

### Kriterium:

*Barnehagen skal støtte barnas nysgjerrighet, kreativitet og vitebegjær og gi utfordringer med utgangspunkt i barnas interesse, kunnskaper og ferdigheter."*

Teikn: Barna utfaldar seg i ulike typar leik

**Spørsmål: Kva er kjekt å leika i barnehagen?**

**Dette sa barna:**

▪

Teikn: Barna opplever at personalet er engasjert i leiken deira

Personalet deltek aktivt og støttande i leik

**Spørsmål: Kva gjer dei vaksne når du leikar**

<p><b>Dette sa barna:</b></p> <p>▪</p>
<p>Teikn: Barna møter vaksne som lyttar</p> <p><b>Spørsmål: <i>Kva gjer dei vaksne når du snakkar til dei?</i></b></p> <p><b>Dette sa barna:</b></p> <p>▪</p>
<p>Teikn: Barna utviklar gode leikeferdigheiter i samspel</p> <p><b>Spørsmål: <i>Fortel om korleis det er når du leikar saman med andre born</i></b></p> <p><b>Dette sa barna:</b></p> <p>▪</p>
<p>Teikn: Læringsmiljøet er tilrettelagt for barnas alder, interesse og utvikling</p> <p><b>Spørsmål: <i>Fortel om leikene du har å leika med i barnehagen?</i></b></p> <p><b>Dette sa barna:</b></p> <p>▪</p>
<p>Teikn: Alle barna er involvert i planlegging og gjennomføring av aktivitetar</p> <p><b>Spørsmål: <i>Korleis kjem du på kva du skal gjera på i barnehagen?</i></b></p> <p><b>Dette sa barna:</b></p> <p>▪</p>
<p>Teikn: Barn som ikkje deltek i leik får særleg oppfylgning</p> <p><b>Spørsmål: <i>Kva skjer viss du ikkje har nokon å leika med?</i></b></p> <p><b>Dette sa barna:</b></p> <p>▪</p>

## Vedlegg 6 – Dette sa føresette

Tema: Vaksendeltaking i leik inne og ute

Sett opp punkt de meiner barnehagen er flink til:
Sett opp punkt de meiner barnehagen kan verta flinkare til:
Sett opp punkt de meiner foreldra kan verta flinkare til:
<p><b>Kriterium:</b></p> <p><i>“Foreldra må kunne vere trygge på at barna deira blir sedde og respekterte og får delta i ein fellesskap som gjer dei godt.” (Rammeplan for barnehage 2011, s. 20)</i></p>
<p><b>Teikn:</b> Har barnehagen drøfta sine målsetjingar for leik med foreldra? Korleis vert dette drøfta? Vert drøftinga fylgt opp vidare i kvardagen?</p> <p><b>Dette sa foreldra:</b></p>
<p><b>Teikn:</b> Korleis vert foreldra sine innspel i høve barns leik i barnehagen ivaretekne av personalet?</p> <p><b>Dette sa foreldra:</b></p>
<p><b>Teikn:</b> Opplever de at det barna dykkar er interessert i vert ivareteke av personalet? Korleis opplever de dette?</p>

<b>Dette sa foreldra:</b>
<b>Teikn:</b> Fortel barna om leiken i barnehagen?
<b>Dette sa foreldra:</b>
<b>Teikn:</b> Vert leiken som læringsmetode dokumentert? Korleis vert dette dokumentert?
<b>Dette sa foreldra:</b>
<b>Kriterium:</b> "Barnehagen skal støtte barnas nysgjerrighet, kreativitet og vitebegjær og gi utfordringer med utgangspunkt i barnas interesse, kunnskaper og ferdigheter." (Barnehagelova §2 Barnehagens innhold, 5. ledd)
<b>Teikn:</b> Møter barna vaksne som lytter i barnehagen?
<b>Dette sa foreldra:</b>
<b>Teikn:</b> Opplever barna at personalet er engasjert i leiken deira?
<b>Dette sa foreldra:</b>
<b>Teikn:</b> Kva type leik utfoldar barna seg i?
<b>Dette sa foreldra:</b>
<b>Teikn:</b> Vert alle barna involvert i planlegging og gjennomføring av aktivitetar?
<b>Dette sa foreldra:</b>
<b>Kriterium:</b> "Personalet må vere tilgjengeleg for barn ved å støtte, inspirere og oppmuntre i leiken." (Rammeplan for barnehage 2011, s. 32)
<b>Teikn:</b> Gir barnehagen barna opplevingar og erfaringar frå nærmiljøet som dei brukar i leiken?
<b>Dette sa foreldra:</b>
<b>Teikn:</b> Er det balanse mellom barnas frie leik og vaksnestyrte aktivitetar?
<b>Dette sa foreldra:</b>
<b>Teikn:</b> Inspirerer leikemiljøet til fantasi, skaparglede og livsutfalding?
<b>Dette sa foreldra:</b>
<b>Teikn:</b> Deltek personalet i leiken? På kva måte deltek dei?
<b>Dette sa foreldra:</b>
<b>Teikn:</b> Kva vert gjort for barn som ikkje deltek i leik?
<b>Dette sa foreldra:</b>

## Vedlegg 7 – Dette sa personalet

Tema: Vaksendeltaking i leik inne og ute

<b>Kriterium:</b> "Barnehagen skal støtte barnas nysgjerrighet, kreativitet og vitebegjær og gi utfordringer med utgangspunkt i barnas interesse, kunnskaper og ferdigheter." (Barnehagelova §2 Barnehagens innhold, 5. ledd)
<b>Teikn:</b> Barna møter vaksne som lyttar
<b>Dette sa dei tilsette:</b> ▪
<b>Teikn:</b> Barna opplever at personalet er engasjert i leiken deira
<b>Dette sa dei tilsette:</b>

▪
<b>Teikn:</b> Barna utfaldar seg i ulike typar leik <b>Dette sa dei tilsette:</b> ▪
<b>Teikn:</b> Barna utviklar gode leikeferdigheiter i samspel <b>Dette sa dei tilsette:</b> ▪
<b>Teikn:</b> Læringsmiljøet er tilrettelagt for barnas alder, interesse og utvikling <b>Dette sa dei tilsette:</b> ▪
<b>Teikn:</b> Alle barna er involvert i planlegging og gjennomføring av aktivitetar <b>Dette sa dei tilsette:</b> ▪
<b>Kriterium:</b> <i>"Personalet må vere tilgjengeleg for barn ved å støtte, inspirere og oppmuntre i leiken."</i> (Rammeplan for barnehage 2011, s. 32)
<b>Teikn:</b> Personalet gir barna opplevingar og erfaringar i barnehagen og nærmiljøet som dei kan bruka i leiken <b>Dette sa dei tilsette:</b> ▪
<b>Teikn:</b> Det er balanse mellom barnas frie leik og vaksenstyrte aktivitetar <b>Dette sa dei tilsette:</b> ▪
<b>Teikn:</b> Leikemiljøet inspirerer til fantasi, skaparglede og livsutfalding <b>Dette sa dei tilsette:</b> ▪
<b>Teikn:</b> Personalet deltek aktivt og støttande i leik <b>Dette sa dei tilsette:</b> ▪
<b>Teikn:</b> Barn som ikkje deltek i leik får særleg oppfølging <b>Dette sa dei tilsette:</b> ▪
<b>Kriterium:</b> <i>"Foreldra må kunne vere trygge på at barna deira blir sedde og respekterte og får delta i ein fellesskap som gjer dei godt."</i> (Rammeplan for barnehage 2011, s. 20)
<b>Teikn:</b> Personalet har drøfta barnehagen sine målsettinga for leik med foreldra <b>Dette sa dei tilsette:</b> ▪
<b>Teikn:</b> Foreldra sine innspel i høve barns leik i barnehagen vert ivaretekne av personalet <b>Dette sa dei tilsette:</b> ▪
<b>Teikn:</b> Foreldra opplever at det barna er opptekne av vert ivareteke i barnehagen <b>Dette sa dei tilsette:</b> ▪
<b>Teikn:</b> Barna fortel om leiken i barnehagen <b>Dette sa dei tilsette:</b> ▪
<b>Teikn:</b> Leiken som læringsmetode

<p><b>Dette sa dei tilsette:</b></p> <p>▪</p>
<p><b>Kriterium:</b> Barnehagen er ein lærande organisasjon  <i>"...måla og rammene til barnehagen er klarlagde for personalet, for at det blir utvikla ei felles forståing for måla blant medarbeidarane..."</i>  (Rammeplan for barnehage 2011, s. 53)</p>
<p><b>Teikn:</b> Det er sett av tid for personalet til å drøfta barnehagen sitt læringssyn</p> <p><b>Dette sa dei tilsette:</b></p> <p>▪</p>
<p><b>Teikn:</b> Personalet deltek jamleg i refleksjon og drøfting av eigen praksis</p> <p><b>Dette sa dei tilsette:</b></p> <p>▪</p>
<p><b>Teikn:</b> Leiinga gir fagleg støtte og rettleiing til personalet</p> <p><b>Dette sa dei tilsette:</b></p> <p>▪</p>
<p><b>Teikn:</b> Resultat av vurdering fører til endring av praksis</p> <p><b>Dette sa dei tilsette:</b></p> <p>▪</p>
<p><b>Teikn:</b> Barnehagen har ein langsiktig kompetanseplan</p> <p><b>Dette sa dei tilsette:</b></p> <p>▪</p>

## Vedlegg 8 – Observasjonar

Tema: Vaksendeltaking i leik inne og ute

Førebuing:

1. Teikna i observasjonsskjemaet er dei same som i glansbiletet (dei som er relevante å observera)
2. Skriv ned situasjonar der dette kan observerast
3. Lag rutene større slik at det er plass for notatar når de observerer

Teikn:	Situasjon å observera i:
Barna møter vaksne som lyttar	Planar, samspel, samtalar, i møte
Observert:	
Barna opplever at personalet er engasjert i leiken deira	Samspel, tema i møte, samtalar
Observert:	
Barna utfaldar seg i ulike typar leik	Samspel, tema i møte, samtalar, leik, aktivitet
Observert:	
Barna utviklar gode leikeferdigheiter i samspel	Samspel, planar, tema i møte
Observert:	
Læringsmiljøet er tilrettelagt for barnas alder, interesse og utvikling	Plassering av leiker og utstyr, planar
Observert:	
Alle barna er involvert i planlegging og gjennomføring av aktivitetar	Obs i samlingar, planar, sett på avd.
Observert:	
Personalet gir barna opplevingar og erfaringar i barnehagen og nærmiljøet som dei kan bruka i leiken	Planar, tema i møte, samatalar
Observert:	

Det er balanse mellom barnas frie lek og vaksenstyrte aktivitetar	Dagsrytme, samspel, sett i løpet av dagen
Observert:	
Leikemiljøet inspirerer til fantasi, skaparglede og livsutfolding	Sett på avdelingane og ute
Observert:	

Personalet deltek aktivt og støttande i lek	Samspel,
Observert	
Barn som ikkje deltek i lek får særleg oppfølging	Samspel, tema i møte
Observert	
Leiken som læringsmetode vert dokumentert	Planar, utstillingar
Observert	
Barna fortel om leiken i barnehagen	Samspel, ved matbordet, i garderoben
Observert	
Dessutan såg me:	
Observert:	
Observert:	

## Vedlegg 9 – Dokumentasjonsanalyse

Tema: Vaksendeltaking i leik inne og ute

**Kriterium:** "Barnehagen skal støtte barnas nysgjerrighet, kreativitet og vitebegjær og gi utfordringer med utgangspunkt i barnas interesse, kunnskaper og ferdigheter."  
(Barnehagelova §2 Barnehagens innhold, 5. ledd)

**Teikn:** Barna møter vaksne som lyttar

**Dette står i dokumentet** \_\_\_\_\_:  
▪

**Teikn:** Barna opplever at personalet er engasjert i leiken deira

**Dette står i dokumentet** \_\_\_\_\_:  
▪

**Teikn:** Barna utfaldar seg i ulike typar leik

**Dette står i dokumentet** \_\_\_\_\_:  
▪

**Teikn:** Barna utviklar gode leikeferdigheiter i samspel

**Dette står i dokumentet** \_\_\_\_\_:  
▪

**Teikn:** Læringsmiljøet er tilrettelagt for barnas alder, interesse og utvikling

**Dette står i dokumentet** \_\_\_\_\_:  
▪

**Teikn:** Alle barna er involvert i planlegging og gjennomføring av aktivitetar

**Dette står i dokumentet** \_\_\_\_\_:  
▪

**Kriterium:** "Personalet må vere tilgjengeleg for barn ved å støtte, inspirere og oppmuntre i leiken." (Rammeplan for barnehage 2011, s. 32)

**Teikn:** Personalet gir barna opplevingar og erfaringar i barnehagen og nærmiljøet som dei kan bruka i leiken

**Dette står i dokumentet** \_\_\_\_\_:  
▪

**Teikn:** Det er balanse mellom barnas frie leik og vaksenstyrte aktivitetar

**Dette står i dokumentet** \_\_\_\_\_:  
▪

**Teikn:** Leikemiljøet inspirerer til fantasi, skaparglede og livsutfalding

**Dette står i dokumentet** \_\_\_\_\_:  
▪

**Teikn:** Personalet deltek aktivt og støttande i leik

**Dette står i dokumentet** \_\_\_\_\_:  
▪

**Teikn:** Barn som ikkje deltek i leik får særleg oppfylgning

**Dette står i dokumentet** \_\_\_\_\_:  
▪

**Kriterium:** "Foreldra må kunne vere trygge på at barna deira blir sedde og respekterte og får delta i ein fellesskap som gjer dei godt."  
(Rammeplan for barnehage 2011, s. 20)

<p><b>Teikn:</b> Personalet har drøfta barnehagen sine målsettinga for leik med foreldra  <b>Dette står i dokumentet</b> _____ :</p> <p>▪</p>
<p><b>Teikn:</b> Foreldra sine innspel i høve barns leik i barnehagen vert ivaretekne av personalet  <b>Dette står i dokumentet</b> _____ :</p> <p>▪</p>
<p><b>Teikn:</b> Foreldra opplever at det barna er opptekne av vert ivareteke i barnehagen  <b>Dette står i dokumentet</b> _____ :</p> <p>▪</p>
<p><b>Teikn:</b> Barna fortel om leiken i barnehagen  <b>Dette står i dokumentet</b> _____ :</p> <p>▪</p>
<p><b>Teikn:</b> Leiken som læringsmetode  <b>Dette står i dokumentet</b> _____ :</p> <p>▪</p>
<p><b>Kriterium:</b> Barnehagen er ein lærande organisasjon  <i>"...måla og rammene til barnehagen er klarlagde for personalet, for at det blir utvikla ei felles forståing for måla blant medarbeidarane..."</i>  (Rammeplan for barnehage 2011, s. 53)</p>
<p><b>Teikn:</b> Det er sett av tid for personalet til å drøfta barnehagen sitt læringssyn  <b>Dette står i dokumentet</b> _____ :</p> <p>▪</p>
<p><b>Teikn:</b> Personalet deltek jamleg i refleksjon og drøfting av eigen praksis  <b>Dette står i dokumentet</b> _____ :</p> <p>▪</p>
<p><b>Teikn:</b> Leiinga gir fagleg støtte og rettleiing til personalet  <b>Dette står i dokumentet</b> _____ :</p> <p>▪</p>
<p><b>Teikn:</b> Resultat av vurdering fører til endring av praksis  <b>Dette står i dokumentet</b> _____ :</p> <p>▪</p>
<p><b>Teikn:</b> Barnehagen har ein langsiktig kompetanseplan  <b>Dette står i dokumentet</b> _____ :</p> <p>▪</p>